



Årsmøtedokument

Årsmøte i NJFF Sogn og Fjordane, Scandic Flesland Airport 9.-10.03.2024

Innhold

Program årsmøte.....	2
Sakliste.....	2
Styret sine framlegg til vedtak	3
Sak 1, konstituering av årsmøtet	3
Sak 2, årsrapport 2023.....	3
Sak 3, Rekneskap 2023	4
Sak 4, Innkomne forslag	4
Sak 5, Andre saker styret har sett opp	4
Sak 6a), Årsplan 2024	4
Sak 6b), Budsjett 2024	9
Sak 7, Val av styre 2024.....	10
Sak 8, Val av valnemd	12
Sak 9, Val av revisorar	12
Sak 10, Val av delegatar til landsmøte	12
Vedtekter	13

Program årsmøte

Laurdag 9. mars NJFF Sogn og Fjordane og NJFF Hordaland i lag

- Kl 13.00 Lunsj
Kl 14.00 «PIONEERED-prosjektet» ved Kenneth Bruvik, TAM / NJFF Hordaland
Kl 14.30 Positive og negative erfaringar med kultivering av anadrome vassdrag ve Inge Sandven, Dale jfl
Kl 15.30 Kaffepause
Kl 16:00 Jakt med følselse , humor og sjølvironi, Høgfoss og Fallan Jaktfilmer
Kl 19.00 Festmiddag

Pausar etter behov

Søndag 10.mars

- Kl 09.00 Opning årsmøte
kl 10.00 Årsmøtesaker (NJFF Sogn og Fj og NJFF Hordaland kvar for seg)
kl 12.00 Lunsj og heimreise

Pausar etter behov

Sakliste

1. Konstituering av møtet.
 - Godkjenning av representantar
 - Godkjenning av innkalling
 - Godkjenning av dagsorden
 - Godkjenning av forretningsorden
 - Val av ordstyrar
 - Val av sekretær
 - Val av teljekorps
 - Val av to delegatar til å underskrive protokollen
2. Årsberetning 2023
3. Revidert rekneskap 2023
4. Innkomne saker med styret sine forslag til vedtak.
5. Andre saker som styret har ført opp på dagsorden.
6. Styret sine forslag til årsplan og budsjett 2024.
7. Val av styre i samsvar med § 7.
8. Val av valnemnd på tre medlemer inklusive leiar, så vidt mogleg geografisk fordelt. Medlemene veljast for tre år, rullerande slik at éin person er på val kvart år.
9. Val av revisor og vararevisor for eitt år.
10. Val av utsendingar til landsmøtet. Desse skal være gyldig medlem av eit av lokallaga i regionen eller vere direktemedlem i regionlaget.

Styret sine framlegg til vedtak

Sak 1, konstituering av årsmøtet

Godkjenning av representantar

Årsmøtet tek stilling til om alle delegatar har godkjenning til å stemme.

Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkalling med førebels program vart utsendt 17.01.24. I fylgje regionlaget sine vedtekter skal årsmøtet kallast inn med 8 vekers skriftleg varsel. Styret sitt framlegg til sakliste, årsmelding, rekneskap, eventuelt vedtektsendringar og andre saksdokument skal sendast til lokallaga seinast 2 veker før årsmøtet.

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Innkalling og styret sitt framlegg til sakliste vert godkjend.

Godkjenning av forretningsorden

Styret fremjar følgjande til forretningsorden:

1. Talerett har alle valde årsmøtedelegatar, regionlagstyret, regioninstruktørar, regionsekretær og gjester
2. Forslags- og røysterett har alle valde årsmøtedelegatar og regionlagstyret. Dersom regionlaginstruktørar møter som representant for eit lag har dei røysterett. Styremedlemene i NJFF Sogn og Fjordane har ikkje røysterett i saker som gjeld årsberetning og rekneskap. Ingen har meir enn ei røyst.
3. Forslag på vedtak skal leverast møteleiar skriftleg og underteikna, men før strek er sett. Berre endringsforslag som har samanheng med saker oppførd på saklista kan behandlast. For seint innkomne forslag kan ikkje behandlast.
4. Dersom ikkje anna er bestemt, vert alle saker avgjort med alminneleg fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta, unntake ved personval, der ein skal ha loddrekning. Vala skal vere skriftlege dersom nokon av representantane krev det. Ved endring av vedtekten, krevst 2/3 fleirtal
5. I protokollen skal det førast inn dei som har hatt ordet i saka, innkomne forslag og avstemmingar, samt dei vedtaka som er gjorde.

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Styret sitt framlegg til forretningsorden vert godkjend.

Sak 2, årsrapport 2023

Sjå «Årsrapport 2023»

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Årsrapporten vert godkjend.

Sak 3, Rekneskap 2023
Sjå rekneskap i Årsrapport 2023

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:
Rekneskapen vert godkjend.

Sak 4, Innkomne forslag

Framlegg til fråsegn til fylkesårsmøtet Sogn og Fjordane frå Stryn Jakt og Fiskelag:

Fylkesårsmøtet er positive til bruk av termisk kikkertsikte ved utøving av jakt.
Fylkesårsmøtet seier nei til eventuelt framlegg om forbud mot bruk av termisk sikte i ny jaktlov.

Grunngjeving:

Miljødirektoratet vurderer, ved revisjon av gjeldande jaktlov, å innføre eit forbod mot bruk av termisk kikkertsikte ved utøving av jakt.

Mange storviltjegrar har allereie teke i bruk termisk kikkertsikte ved utøving av storviltjakt.
Erfaringane syner vesentleg sikrare og meir human jakt, med mindre skadeskyting og påfylgjande ettersøk ved bruk av termisk kikkertsikte.

Ved bruk av termisk sikte, er det enkelt å følgje dyr etter skudd og sjå kvar det legg seg, i forhold til konvensjonell kikkert, der det er svært vanskelig å sjå etter avfyrt skudd.

Mange kommunar har som mål å redusere hjortestammen. Bruk av termisk sikte er svært effektivt og vil bidra til å oppnå kommunale forvaltningsmål.

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Regionlaget bør vente med å ta stilling til dette spørsmålet, til utkast til ny viltlov vert sendt ut på høyring. På grunn av at den teknologiske utviklinga går raskt, kan det føre til utfordringar å binde seg opp mot sterke standpunkt førebels.

Etter vårt synspunkt er jegermiljøet delt når det kjem til bruken av termisk under jakt. Spesielt når det gjeld bruken av termiske kikkertsikte. Vi trur det vil bli vanskeleg å få eit samla standpunkt, før ein veit kva som kjem som forslag i ny viltlov.

Sak 5, Andre saker styret har sett opp
Styret har ikkje sett opp saker.

Sak 6a), Årsplan 2024

Visjon og mottoet «Jakt- og fiskeglede til alle – for alltid» er overordna for planar i NJFF. Handlingsprogrammet som er vedtatt på landsmøte ligg til grunn for årsplanen. Arbeidsprogram vert årleg vedtatt av representantskapet og er eit verktøy for planlegging i heile organisasjonen. Hovudmål er å sikre gode rammevilkår for jakt, fiske og friluftsliv, både ved at ålmenta har god tilgang og at naturgrunnlaget skal vere godt ivaretatt gjennom berekraftig bruk og ved å få aksept i samfunnet for våre interesser. NJFF skal ta eit tydeleg miljøansvar.

Vi skal vere ein sterk og synleg organisasjon som tar i vare medlemene sine interesser.
Vi skal bidra til at jegerar og fiskarar har god kunnskap om og respekt for vilt, fisk og regelverk.
Vi skal bidra til auka interesse for jakt, fiske og friluftsliv og sikre gode medlemstilbod.

Medlemsfordelar og tenester		
Medlemsfordelar	Vidareføre: Leige hjortejakt hjå OVF Laksefiske for ungdom Skytesimulator Lunde Laksefiske i Gaular Erdal Sport og Våpenloftet Kystfiskejegeren -ny avtale til vurdering Chatlet Sport Intersport Sogndal	Bjørnar Jan Erik Reidun Jøran Reidun Jøran Jøran Jøran
Medlemsprisar	På alle kurs og aktivitetar som regionlaget tilbyr, skal ein ha medlem – ikkje-medlemspris	Alle
Marknadsføre medlemsfordeler	På nettside, sosiale medier og nyhendebrev	Reidun
Kommunikasjon og marknadsføring		
Kommunisere med medlemer og andre	Facebook, instagram -alle aktiviteter og etter aktivitet, samt fagsaker Nettside, nyhendebrev på e-post Fast sak på styremøte	Alle Reidun
Mediaverksemد	Annonse aktivitetar Pressemeldingar, intervju for å fremme aktivitetar, synspunkt og fagsaker Fast sak på styremøte	Reidun Dei ansvarlege
Politisk verksemد	Kommunisere med regionalpolitikarar om våre interesser	Håkon
Jenter i alle aldrar		
Følgje opp og halde kontakt med lokale kvinnekontakter	Jentesamling, Lunde 23-24.aug Teamsmøte	Wenche
Aktiviteter for kvinner	Havfiske ved Ålesund 13-14.april. Medarr: Stryn jfl ?	Randi
	Fisketur til Grøndalen 28-29.juni Medarr: Flora jff	Torunn
	Småviltjakt for damer 29.09.23 Medarr: Aurland jfl	Marte
Sentral kvinnekonferanse	Delta på konferansen 19-21.april, Hamar	Torunn/ jenteutv.
Informere om tilskot	Informere lokallaga om midler ein kan søke på	Reidun
Barn og unge		
Friluftsliv for barn og unge	Leiar i styringsgruppa. Oppfølging av tilsett	Håkon / Reidun
Friluftsleir for ungdom	Nesholmen 7-9. juni. Meddarr: Hyen jfl, Gloppe jfl, Førde jfl, Flora jf	Jan Erik
Friluftsleir for ungdom	Hafslo, 16.-18.august. Meddarr: Sogndal jsfl, Luster jfl, Leikanger jfl, Vik jfl, Aurland jfl, Årdal jff, Lærdal jfl	Jan Erik

Følgje opp og halde kontakt med lokale ungdomdsansvarsv.	Samling for lokale ungdomsansvarlege, 5.april, Sogndal saman med tillitsvaldsamling?	Jan Erik
Sentral ungdomsledersamling	Delta på samlinga 14-16. juni i Alta	Jan Erik/ ungdomsutv
Informere om midler	Informere lokallaga om midler ein kan søke på til aktivitetar for barn og unge	Reidun

Organisasjon

Styremøter	1 i kvar mnd utenom juli	Håkon
Tillitsvaldsamling	Sogndal 5-6.april	Håkon
Årsmøte	Flesland, 9-10.mars	Håkon
Landsmøte	Førebu saker, fristar, delegatar	Styret
Kontakt med lokallaga	Teamsmøter, telefonar, besøk	Alle
Vedtektsendringar	Følgje opp dei gjenståande lokallaga	Reidun
Planleggingsdag	Planlegge 2025, 7.nov på Skei	Reidun

Opplæringsverksemd

Instruktørkurs	Grunnkurs jakthund, Skei 17-18.febr	Rudi/Ann
	Ettersøk, 25-26.mai. Skei eller Bergen?	Rudi
	Rifle, Kråkenesmarka, dato? NJFF sentralt	sentralt
Oppdateringskurs	Rifle. Nett?	Sentralt
	Hagle. Nett?	Sentralt
Andre	Sjå kvinner, jakt etc	

Ålmenta si tilgang til jakt og fiske

Avtale OVF	<p>Fortsetje samarbeidet med OVF om hjortejakt</p> <ul style="list-style-type: none"> - Gulen - Hyllestad - Selje <p>Oppfordre lokallaga til å fortsetje samarbeid med OVF for å tilby jakt og fiske</p> <ul style="list-style-type: none"> - Årdal jff – Fiske i Årdal - Aurland jfl – Fiske i Aurlandselva - Fjaler jsfl – Fiske i Daleelva, jakt i Dale - Gauldals jfl – Fiske i Gauldalselva - Førde jfl – fiske i Anga 	Bjørnar, Alf Styret / Reidun
Inatur	Legge ut tilbod på inatur oppfordre lokallaga til å bruke inatur	Reidun

Jakt og viltforvaltning

Rekruttering / aktivitetar	Harejakt med hund 17.febr, Hyen Medarr: Hyen jfl	Bjørnar
	Minkjakt med hund 16.mars, Askrova/Svanøy Medarr: Flora jff	Alf
	Bandhundkurs hjortevilt 20-21.april, Gulen Medarr: Gulen jsfl	Bjørn
	Bandhundkurs hjortevilt 27-28.04. april, Gulen Medarr: Gulen jsfl	Bjørn

	Opplæringsjakt på hjort, Bygstad 1-3.nov Medarr: Gaular jfl?	Bjørnar
Rovvilt	Delta i kontaktutvalet for rovvilt	Bjørnar/jaktu
Trofemåling	Norske hjortevilt, kranier rovvilt	Knut/Vidar
Forvaltning	Viltseminar 8-9.mars, Bergen. Medarr: NJFF Hordaland, Bondelaget, Hjortesenteret	Bjørnar/jaktu
	Forvaltningsområde Gaularfjell	Rune, fugleh.utval
	Høyringar: Sakshandsaming innan jakt og vilt	Bjørnar/vilt
	Villrein: Arbeide for hurtig reetablering av villrein i Nordfjella sone 1. Følgje opp dialog med lokallaga og utfordringar for villreinen i Sogn og Fjordane	Jaktutval Reidun

Fiske og fiskeforvaltning

Aktivitetar / Rekruttering	Inspirasjonskveld Cato Bekkevold 7.juni Skei	Jøran
Forvaltning	Kurs i habitatforbetring 9-10.aug, Årdal jff	Reidun
	Uttale vilkårsrevisjonar i Aurland	Reidun
	Laks og sjøaure – Norske Lakseelver: regionmøte forvaltning 14.febr	Håkon
	Høyringar: Sakshandsaming innan fisk og forvaltning	Jøran/ fiskeutval

Jaktskyting og våpen

Terminliste	Oppsett, sept/oktober Bestille premiar – jan/februar Sogn og Fjordane Cup Våpenloftet cup	Jaktsk.utv.
Instruktørar	Følgje opp instruktørar hagle, rifle	sentralt

Jakthund og ettersøk

Aktivitetar	Nybyrjarsamling fuglehund 10.febr Gaularfjell	Jonas / fuglehundut
	Klubbmeisterskap fuglehund 10.febr Gaularfj	Adele / utv.
	Gaularfjellprøven 1-3.mars , Gaularfjell	Fuglehundut
	Skytesamling ettersøksjegere 22-23.mars, Gulen. Medarr: Gulen jsfl	Ann/etters.
	Ettersøk vidareg.kurs 19-21.april, Bryggja Medarr: Ytre Nordfjord jfl	Ettersøksutv /Rudi
	Treningsterreng for fuglehundar, Gaularfjell	Fuglehundut.
	Sjå fleire under pkt jakt	
Sporprøver	Blodspor- og ferskporprøver til godkjenning av ettersøkshund	Prøve- dommarar
Lovverk	Følgje med forskrifter om bandtvang, hundelov	Styret
Instruktørar	Følgje opp instruktørar jakthunddressur, ettersøk, aversjon	sentralt

Miljø- og energipolitikk

Miljøstrategi	Følgje opp strategien frå sentralt	Alle
Forvaltning leveområde	Følgje med på arealplanar, hyttebygging, kraft	Styret

	etc. Vindkraftutbygging Årdal	
Administrasjon		
Økonomi	Søkje og rapportere midler Utarbeide budsjett, budsjettstyring Vurdere nytt økonomiprogram	Reidun Ingunn Styret
Personal	Følgje opp prosjektleiarstillinga	Reidun

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Årsplanen vert godkjend.

Sak 6b), Budsjett 2024

SALGS- OG DRIFTSINNTEKT

3100 Andel kontingent	400.000,00-
3110 Deltakaravgift	342.100,00-
3400 Tilstkot NJFF	37.500,00-
3401 Tilstkot FM og FK	200.000,00-
3402 Utviklingsavtale Driftstønad	150.000,00-
3403 Utviklingsavtale Rekruttering	100.000,00-
3404 Utviklingsavtale Human jakt	100.000,00-
3405 Utviklingsavtale Småviltforvaltning	50.000,00-
3410 Andre tilskot	342.000,00-
3411 Grasrotandel	400,00-
3420 Momsrefusjon	50.000,00-
3620 Leige: treningsterreng	500,00-
SUM SALGS- OG DRIFTSINNTEKT	1.772.500,00-

LØNNSKOSTNAD

5000 Honorar	32.450,00
5010 Lønn	205.000,00
5190 Feriepengar	24.000,00
5400 Arbeidsgjevaravgift	29.000,00
5901 Gåver til tillitsvalde og LL	40.000,00
SUM LØNNSKOSTNAD	330.450,00

ANNEN DRIFTSKOSTNAD

6300 Leige lokale	99.000,00
6301 Leige av terrenn	89.000,00
6500 Kjøp av utstyr, inventar	36.000,00
6510 Kjøp av premiar	91.000,00
6551 Datautstyr (hardware)	5.000,00
6552 Programvare (software)	34.000,00
6700 Kjøp av aktivitetar	61.000,00
6705 Honorar rekneskap	25.000,00
6710 Annonse	22.000,00
6800 Kontorrekvisita	10.500,00
6840 Aviser, tidsskrift, bøker	200,00
6850 Kursutgifter	116.050,00
6860 mat, opphold	466.738,00
6900 Telefon og Internett	38.800,00
6940 Porto	6.000,00
7100 Bilgodtgjersle	205.000,00
7140 Reiseutgifter, ikkje oppg.pl.	73.500,00
7460 Tilstkot andre organisasjonar	210.000,00
7500 Forsikring	7.700,00
7770 Bank- og kortgebyr	1.500,00
SUM ANNEN DRIFTSKOSTNAD	1.597.988,00

KOSTNADER

1.928.438,00

FINANSIELLE POSTER

8051 Renteinntekter	70.000,00-
SUM FINANSIELLE POSTER	70.000,00-

RESULTAT (Underskudd)

85.938,00

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:
Budsjettet vert godkjent

Sak 7, Val av styre 2024

CV Håkon Huseklepp innstilt til gjenval som leiar

Bustad - Førde.

Lokallag - Førde Jakt og Fiskelag.

Interesser innan jakt, fiske og friluftsliv – Sportsfiske etter laks/aure. Hundeeigar – har 2 Jack Russel Terriers.

Lags- og organisasjonsarbeid:

2023 ⇒ Leiar NJFF Sogn og Fjordane

2022 ⇒ 2023: Nestleiar/leiar NJFF Sogn og Fjordane

2008 ⇒ 2009: Styremedlem i BOiVest, Førde

2006 ⇒ 2008: Styremedlem i Sogn og Fjordane Bustadbyggelag.

2001 ⇒ 2008: Styremedlem i Finansforbundet i Norge.

2001 ⇒ 2008: Styremedlem i Finansforbundet i TrygVesta.

2003 ⇒ 2008: Styremedlem i konsernstyra for TrygVesta A/S og Tryg Forsikring A/S i Danmark.

1996 ⇒ 2007: Styremedlem i konsernstyret for Vesta Forsikring AS.

1991 ⇒ 2006: Sogn og Fjordane Bustadbyggelag: Ordfører i Representantskapet.

2000 ⇒ 2004: Finansforbundet, avd. Sogn og Fjordane: Styremedlem og sekretær.

1991 ⇒ 2000: Norske Assurandørers Forbund (NAF), Vesta: styremedlem og nestleiar i styret frå 1994.

1996 ⇒ 2000: Norske Assurandørers Forbund (NAF), Norge: Varamedlem til styret.

1994 ⇒ 1999: Norges Jeger og Fisker forbund (NJFF), Norge: Medlem av sportsfiskerutvalet.

1994 ⇒ 1996: Vesta Forsikring AS, Konsern: Medlem av Representantskapen.

1990 ⇒ 1994: Sogn og Fjordane Jeger og Fisker forbund : Styremedlem/sekretær.

1987 ⇒ 1992: Førde Jakt og Fiskelag, styremedlem/ sekretær.

1987 ⇒ 1992: Styremedlem/nestleiar i Førde Høgre.

CV Renate Dahl Gjelsvik, innstilt som ny kasserar

Renate Dahl Gjelsvik, dame på 33 år som har stor interesse for jakt, fiske og friluft. Der den største interessen er fuglejakt med fuglehund.

I det daglige jobber eg som rekneskapsførar i Tibber AS.

Eg bur og jobber i Førde.

CV Torunn Rygg innstilt til gjenval som kvinnekontakt

Bustad - Førde.

Lokallag - Førde jakt og fiskelag.

Interesser innan jakt, fiske og friluftsliv - Tok jegerprøva i 1987. Nokre forsøk på småviltjakt, men det er hjortejakt som er den største interessa. Likar ørretfiske og litt fjordfiske.

Lags- og organisasjonsarbeid:

Fylkessekretær i 2 korte periodar i NJFF Sogn og Fjordane på 90-tallet.

Sekretær i Førde jakt og fiskelag, 2011-2016.

Leiar i Førde jakt og fiskelag, 2016-2019.

Valnemda NJFF – Landsmøte 2015 og 2018.

Valnemda NJFF Sogn og Fjordane 2019-2021.

Styremedlem i Sørstranda utviklingslag.

Vara – Styret i Øvre Stranda burettslag.

Kvinnekontakt i NJFF Sogn og Fjordane 2023-

CV Bjørnar Eikenes – innstilt til gjenval som fagansvarleg vilt

Bustad - Hestenesøyra i Gloppen kommune.

Lokallag - Gloppen jfl.

Interesser innan jakt, fiske og friluftsliv - Har alltid vore interessert i jakt, fiske og friluftsliv. Siste åra har det gått meir og meir over i jakt. Har jakta det meste av norsk vilt, men storparten av tida går med til jakt på hjort om hausten, og rev resten av jaktåret. Har bachelor i utmarksforvaltning, og teke fag innan jaktguiding. Før dette, eit år på folkehøgskole der han gjekk linja jakt og fiske på Skogn Folkehøgskule. Jobbar som utmarksforvaltar i Fosnavåg

CV Henning Haugholt innstilt til gjenval som 1.vara

Bustad - Askrova, øy vest for Florø.

Lokallag - Flora jff.

Interesser innan jakt, fiske og friluftsliv - Jaktar sel, sjøfugl, hjort, hare og rådyr. Har stort engasjement innan selforvaltning og jobbar sterkt for betre kvoter og forvaltning av sel og havert. Jobbar aktivt for å tilrettelegge for friluftsaktivitetar i lokalmiljøet, og har vore primus motor for Draumeplassen utbygging på Askrova.

Lags- og organisasjonsarbeid:

Nestleiar / vara i NJFF S&F 2019-2022

Leiar i NJFF Sogn og Fjordane 2022

vara i NJFF Sogn og Fjordane 2023-

Nestleiar i styret for Askrova bygdelag i 11 år (2013-2021)

Leiar for Vonheim Borettslag 2017-2021

Tidligare hovudverneombod og AMU representant i Odfjell Drilling (jobb)

CV Frode Ølmheim innstilt til gjenval som 2. vara

Bustad - Leikanger. Lokallag - Leikanger jfl.

Interesser innan jakt, fiske og friluftsliv- Lidenskap for jakt, fiske og friluftsliv. Interessa starta då han var mykje med besteforeldra på fiske og fellefangst frå han var liten gut. Har jakta ein del småvilt tidlegare, men no er det hovudsakleg hjortejakt det går i, samt fellefangst av mår. Er med på lokallagets opplegg for opplæringsjakt for nye jegarar. Er aktiv innan skyting, både DFS, hagle og jaktfelt.

Lags- og organisasjonsarbeid:

Jakthund grunnkurs

NJFF Aversjonsinstruktør

NJFF Hagleinstruktør

NJFF Rifleinstruktør

Valkomiteen i Leikanger jfl.

Vara i NJFF Sogn og Fjordane 2022-

Frode har lang bakgrunn frå fotballen. Han har hatt eit rekke verv i klubbane Norane, Sogndal og Syril. Samt vore leiar i ungdomsutvalet til Sogn og Fjordane fotballkrets i perioden 2000-2002.

Han har også vore fotballdommer på fylkesnivå i 20 år, 5 av disse også på nasjonalt nivå.

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

- Leiar veljast for 2 år
- Nestleiar ikkje på val
- Kasserar veljast for 2 år
- Ungdomsansvarleg ikkje på val
- Kvinnekontakt veljast for 2 år
- Fagansvarleg Fisk ikkje på val
- Fagansvarleg veljast for 2 år
- 1. varamedlem veljast for 1 år
- 2. varamedlem veljast for 1 år

Attval: Håkon Huseklepp, Førde jfl

Terje Johansen, Flora jff

Ny: Renate Dahl Gjelsvik, Førde jfl

Jan Erik B. Søreide, Hyllestad jfl

Attval: Torunn Rygg, Førde jfl

Jørar Henriksen, Stryn jfl

Attval: Bjørnar Eikenes, Gloppen jfk

Attval: Henning Haugholt, Flora jff

Attval: Frode Ølmheim, Leikanger jfl

Sak 8, Val av valnemnd

Styret sitt framlegg til vedtak:

Valnemnd, leiar, 1 år att
Valnemnd, medlem 2 år att
Valnemnd, medlem, veljast for 3 år

Alf Erik Røyrvik, Hyen jfl
Geir Haukaas, Førde jfl
Torger Eimhjellen

Sak 9, Val av revisorar

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Revisor nr. 1 Veljast for 1 år
Revisor vara Veljast for 1 år

Jarle Sognnes
Kåre Stokkevåg

Sak 10, Val av delegatar til landsmøte

NJFF Sogn og Fjordane har 4 delegatar til landsmøte 2024 og skal ha minst 4 vara i prioritert rekkefølge.

Årsmøtet sitt framlegg til vedtak:

Delegatar:

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.

Vara i prioritert rekkefølge:

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.

Vedtekter

NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND -SOGN OG FJORDANE

§ 1 Regionlaget sitt namn

Regionlaget sitt namn er Norges Jeger- og Fiskerforbund Sogn og Fjordane, heretter forkorta NJFF Sogn og Fjordane.

§ 2 Formål

Regionlaget sitt formål er det same som for NJFF sentralt.

Regionlaget er ei samanslutning av alle lokallag tilslutta Norges Jeger- og Fiskerforbund i regionen og er det organisatoriske bindeleddet mellom NJFF sitt sentralledd og lokallaga. Det har eit spesielt ansvar med å ta i vare organisasjonen sitt formål i samfunnet på regionnivå.

§ 3 Regionlaget sitt leiane organ

Regionlaget sitt leiane organ er:

1. Årsmøtet
2. Ekstraordinært årsmøte
3. Styret

§ 4 Regionlaget sin økonomi

Forbundet sentralt refunderer til regionlaga den delen av medlemskontingenten som Representantskapet har fastsett.

§ 5 Regionlaget sitt årsmøte

Årsmøte skal haldast kvart år innan 31. mars og kallast inn med åtte veker skriftleg varsel. Forslag som lokallag ynskjer behandla av årsmøtet skal vere styret i hende seinast fire veker før årsmøtet. Styret sine forslag til dagsorden, vedlagt årsberetning, rekneskap og andre saksdokument sendast lokallaga seinast to veker før årsmøtet.

Til årsmøtet kan lokallag med inntil 200 medlemer sende 2 representantar. Lokallag med fleire medlemer kan sende ytterlegare 1 representant for kvar påbegynte 200. medlem, inntil 6 representantar. Deretter gis ein representant pr 300 medlem. Representantane må ha fylt 14 år for å ha stemmerett.

Medlemer frå lokallaga utnemnt av NJFF i sentrale utval, samt regioninstruktørar, kallast inn til årsmøte. Desse har tale-, men ikkje stemmerett, så fremt dei ikkje møter som representant for eit lokallag.

På årsmøtet skal følgjande handsamast:

11. Konstituering av møtet.
 - Godkjenning av representantar
 - Godkjenning av innkalling
 - Godkjenning av dagsorden
 - Godkjenning av forretningsorden
 - Val av ordstyrar
 - Val av sekretær
 - Val av teljekorps
 - Val av to delegatar til å underskrive protokollen
12. Årsberetning frå siste kalenderår.
13. Revidert rekneskap frå siste kalenderår.
14. Innkomne saker med styret sine forslag til vedtak.
15. Andre saker som styret har ført opp på dagsorden.
16. Styret sine forslag til årsplan og budsjett.
17. Val av styre i samsvar med § 7.
18. Val av leiarar til årsmøteoppnemnte utval.
19. Val av valnemnd på tre medlemer inklusive leiar, så vidt mogleg geografisk fordelt.
Medlemene veljast for tre år, rullerande slik at éin person er på val kvart år.
20. Val av revisor og vararevisor for eitt år.
21. Val av utsendingar til landsmøtet. Desse skal være gyldig medlem av eit av lokallaga i regionen eller vere direktemedlem i regionlaget.

Dersom ikkje noko anna er bestemt, vert alle saker avgjort med alminneleg fleirtal. Ved stemmelikskap vert forslaget forkasta, unntatt ved personval der det vert føretatt loddtrekning. Val skal vere skriftleg dersom det ligg føre fleire forslag og nokon krev skriftleg avstemming.

Ingen representantar har meir enn éi stemme. Regionlaget sitt styre har ikkje stemmerett i saker som gjeld beretning og rekneskap.

NJFF sitt sentralledd har rett til å vere representert på regionlaget sitt års- og styremøte med talerett.

§ 6 Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte kan kallast inn av styret, eller når et tidlegare årsmøte har vedtatt det, eller når minst $\frac{1}{4}$ av dei tilslutta lokallaga eller Forbundsstyret krev det.

Innkalling til ekstraordinært årsmøte, vedlagt dagsorden, skal skje med minst 14 dagar varsel. Møtet skal ikkje ta avgjerder i andre saker enn dei som er oppført i innkallinga.

§ 7 Regionlaget sitt styre

Regionlaget leiast av eit styre på minimum 7 personar beståande av leiar, nestleiar/sekretær, kasserar, barne- og ungdomsansvarleg, kvinnekontakt, fagansvarleg vilt og fagansvarleg fisk.

Styret veljast for to år om gangen, men slik at tilnærma halve styret er på val kvart år. I tillegg veljast kvart år to varamedlemer til styret.

§ 8 Styret sitt arbeid

Styret skal:

1. Representere NJFF i sin region, utøve den administrative mynde, handheve vedtekten og ta i vare regionen sine interesser hjå lokallag og dei regionale myndighetene.
2. Følgje vedtekne strategiske planar.
3. Førebu, behandle og fatte vedtak i saker av interesse for regionen.
4. Halde møter med lokallagsleiarar/-styre for drøfting av viktige saker av felles interesse.
5. Sende saker til høyring i lokallaga.
6. Fastsetje tid for ordinære og eventuelle ekstraordinære årsmøte.
7. Gje årleg beretning og rekneskap med revisor sin rapport om regionlaget si verksemd i kalenderåret. Ajourføre liste over tillitsvalde for regionlaget i NJFF sitt medlemsregister og i Brønnøysundregisteret.
8. Utarbeide forslag til årsplan i samsvar med NJFF sitt sentralt vedtekne strategiar og budsjett for komande år.
9. Ved behov oppnemne eigne utval og medlemer av desse, samt utarbeide arbeidsinstruks med mandat for utvala.
10. Foreslå tildeling av eventuelle heidersteikn.
11. Oppnemne regioninstruktørar.
12. Utarbeide instruks for regionlaget sine tilsette.
13. Arbeide for lokallags- og medlemsfordeler, medrekna moglegheiter for økonomisk støtte til regionlaget og lokallaga.
14. Medverke til opprettning av nye lokallag og eventuelt samanslåing der det er behov og hjelpe desse med råd og opplysningar.
15. Avgjere tvistar mellom lokallag.

Styret er avgjerdssyktig når minst halvparten av styret er til stade, inkludert varamedlemer. Vedtak vert fatta med alminneleg fleirtal. Ved stemmelikskap vert forslaget forkasta. Det skal førast protokoll frå kvart styremøte.

§ 9 Vedtektsendringar

Dersom NJFF sitt landsmøte vedtar endringar i dei ufråvikelege delane av vedtektsnorm for regionlag, er regionlaget forplikta til å ta dei endra vedtaka inn i sine vedtekter. Dette skal gjerast seinast i det første ordinære regionlagsårsmøtet etter landsmøtet.

Endringar i vedtekten som regionlaget sjølv kan vedta på sitt årsmøte, krev 2/3 fleirtal blant dei tilstadeverande representantar. Slike endringar skal godkjennast av Forbundsstyret før dei blir gyldige.

§ 10 Domsutval

Regionlaget er forplikta av bestemmelsane i gjeldande domsutval i NJFF sine sentrale vedtekter og normer.

§ 11 Opplysing av regionlag

Dersom det ligg føre eit grunngjeve forslag om oppløysing av regionlaget, skal Forbundsstyret behandle dette etter retningslinjer for oppløysning og samanslåing av regionlag og lokallag. Dersom det blir vedtatt å løyse opp regionlag, skal regionlaget sine midlar disponerast av NJFF til å fremje

forbundet sine formål i regionen.

NJFF Sogn og Fjordane vart etablert i 1965

Revidert av årsmøtet 25.03.2000

Revidert 12.03.16

Gjeldande vedtekter er i henhold til vedteksnorm for regionlag som vart vedtatt på NJFF sitt landsmøte

14.11.2021

Revidert av årsmøtet 26.03.2023